Kultur- og kirkedep.
KU
22.03.2004
Ku 2
2004 / 363 - 038

**Trønderlaget**
Fylkeslag for mållaga i Trøndelag
Tidemands gt. 36, 7030 Trondheim

Trondheim, den 15. mars 2004

Kultur- og kyrkjedepartementet,
Oalo-Dep

Vedlagt følgjer fråsegn om Endring av Lov om stadnamn – vedteken på årsmøtet til

Trønderlaget, den 13. mars d.å.

Vennleg helsing

Tore E. Pedersen
leiar

KU-avd.
Sak nr. 04 / 363 dok.nr. 38
Vedlegg nr 1 av 1

**Trønderlaget**
Fylkeslag for mållaga i Trøndelag
Tidemands gt. 36, 7030 Trondheim

**Fråsegn om Endring av Lov om stadnamn**

Trønderlaget, som er samla til årsmøte på Inderøy 13. mars 2004, er kjent med at departementet foreslår endringar av stadnamnlova.

Årsmøtet i Trønderlaget ser det som særs viktig at namnekonsulentane blir tekne med i dette endringsarbeidet, og vi vil særskilt nemne desse punkta:

1. Lova må framleis også gjelde namn på oljefelt og fiskeplassar.
2. I føremålsparagrafen for namnelova går det fram at lova skal fungere som sterkt kulturvern. Det er derfor viktig at formuleringa den nedervde uttalen blir ståande i lova.
3. Det må framleis vera slik at same namnet berre skal ha ei offisiell skriftform.
4. Det er viktig for kulturvernet at lova held på stadnamna som felleseige og ikkje blandar dei i hop med private rettar til namn (slektsnamn).